

Forslaget til ny postlov — høyringsuttale frå Stavanger Nei til EU

Posttjenestene er viktige for at eit samfunn skal fungera. Me vil karakterisera dei som ein *samfunnskontrakt*, det vil seia at dei styrande har eit ansvar ovafor samfunnets medlemmer for å halda oppe velfungerande posttjenester. Regjeringa har meldt at dei ønskjer å innføra EUs tredje postdirektiv, og fremjer ny postlov i samsvar med dette. Kva konsekvensar vil det få for kvaliteten på posttjenestene?

Dersom Norge innfører EUs tredje postdirektiv, vil Posten Norges monopol på brev under 50 gram bli oppheva. Det får konsekvensar for prisane på posttjenestene. Me må rekna med at prisane uansett vil stiga i framtida, men med eit liberalisert postmarked risikerer Posten Norge å mista dei områda som gir eit overskot av inntekter, samtidig som utgiftene vil auka. Rapporten «Statlig kjøp av posttjenester frem mot 2025» frå Oslo Economics slår fast at «en liberalisering av brevmarkedet medfører en økning i statlig kjøp [av posttjenester] sammenlignet med enerettsscenarioet» (rapporten s. 22). *Liberalisering vil med andre ord påføra staten store ekstra utgifter.*

Det er vanskeleg å anslå eksakt kor store meirutgifter staten vil få ved gjennomføringa av EUs tredje postdirektiv, men anslaga i rapporten frå Oslo Economics tyder på *ei dobling av utgiftsauken i forhold til ein situasjon utan innføring av direktivet.*

Det finst ingen gratis lunsj. Nokon må betala for statens utgiftsauke, sannsynlegvis ved kraftigare auke i portoen enn kva som elles ville blitt resultatet. Regjeringa innstiller på at Norge likevel skal halda oppe systemet med enhetsporto. Enhetsporto vil då fungera som eit øvre tak; konkurransen i lønnsomme område (les: hovudsakleg rundt Oslo) vil truleg tvinga fram billegare prisar i slike område. Prisen må betalast av dei som bur i område som ikkje er interessante for dei som vil konkurrera om brev under 50 gram, det vil seia: dei som bur utanfor dei mest tettbygde områda, sagt med andre ord: dei som ikkje bur i Oslo eller det sentrale austlandsområdet. *Dei fleste postkundane vil oppleve ei langt kraftigare prisstiging enn elles.*

Dette er særleg alvorleg for *bedrifter* utanfor det sentrale austlandsområde, og for *landets aviser*.

Bedrifter i distrikta må rekna med ein kraftig kostnadsauke. *Det vil bli vanskelegare å driva bedrifter i distrikta — der dei fleste norske bedrifter held til.*

Regjeringa foreslår å sløyfa postombæring på laurdagar, for å spara utgifter og dermed motverka utgiftsauken som vil følgja av EUs tredje postdirektiv. Det vil gjera det vanskeleg å spre aviser på laurdagar, den vekedagen som har det største avissalet. For aviser som er avhengig av posten i heile eller delar av abonnentsområdet, er dette alvorleg. Me ser ikkje bort frå at det kan føra til at fleire aviser må legga ned. *Å fremja avisdød ved å svekka posttjenestene er stikk i strid med ansvaret regjeringa har ovafor samfunnet.*

EUs tredje postdirektiv har skapt store problem der det er innført i EUs medlemsland. Det finst ikkje noko press frå EUs side eller frå firma i EU for å innføra dette direktivet i Norge. Stavanger Nei til EU ser ingen grunn til at me skal innføra det, og spesielt ikkje med dei skadeverknadene me må rekna med vil følgja:

- Store ekstrautgifter for staten, kanskje dobla utgiftsauke i forhold til situasjonen utan direktivet
- Kraftigare prisstigning på posttjenester for fleirtalet av landets innbyggjarar
- Stor kostnadsauke for bedrifter i distrikta, der dei fleste arbeidsplassane i landet ligg
- Auka fare for avisdød

EUs tredje postdirektiv bør **ikkje** innførast i Norge.

For Stavanger Nei til EU

Leiv Olsen (leiar)